



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
15.02.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/297 - 561
Dykkar referanse
NVE 200804834-9 ksk/hka 1

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vambheimselvi (051.32), Ulvik herad i Hordaland - fråsegn til konsesjonssøknad frå Kraftkarane AS om bygging av Vambheim kraftverk

Vi viser til oversending datert 09.01.2013. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er oppnemnd som settefylkesmann i denne saka.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at bekkekløfta i Vambheimselva har stor verdi som naturtype. På grunn av store manglar i kunnskap, saman med eit stort potensiale for biologisk mangfald, meiner vi at føre-var-prinsippet må leggjast til grunn. Vi vil difor **rå frå** at det vert gjeve konsesjon til bygging av Vambheim kraftverk.

Denne frårådinga er gjeve med eit visst atterhald sidan vi ikkje har hatt høve til ei synfaring på snøfri mark, då høringsfristen er sett til 21. februar i år.

Dersom det likevel mot vår fråråding vert gjeve konsesjon, bør minstevassføringa vere større enn det som vert omsøkt, t.d. 5 persentil sommarvassføring på 325 l/s.

Kraftkarane AS søker om å bygge eit kraftverk i Vambheimselva i Ulvik herad. Utbygginga vil nytte ei fallhøgde på 165 meter mellom kote 185 og 20 i Vambheimselvi. Kraftverket er planlagd med ein installert effekt på 2,5 MW og den årlege produksjonen er berekna til om lag 8 GWh. Middelvassføringa i vassdraget er berekna til 952 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1900 l/s. Ein veg på om lag 1480 meter skal dekkast til etter anleggsfasen, men elles vil eksisterande veger nyttast. Røyrsgata vil bli nedgraven på heile strekninga. Det er planlagd minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 78 l/s heile året. Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Vambheim kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinje. I følgje søknaden har Kraftkarane AS fått løyve til å kople seg på eksisterande 22 kV-linje når Hardanger Energi AS har fått vurdert korleis/om nettet skal oppgraderast.

Miljøvernfarelege vurderingar

Generelt

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagde til grunn.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kunnskapsgrunnlaget og naturmangfaldlova

Datagrunnlaget er etter vår vurdering tynt når det gjeld fugl og insekt. I rapporten frå Norsk Naturinformasjon (Vambheim småkraftverk, Ulvik herad. Utredning biologisk mangfold (NNI, 2008)) går det fram at det er ikkje gjort feltundersøkingar som gjer det mogleg å vurdere området sin verdi for fauna eller påverknad av tiltak på faunistiske element. Fuglelivet ved Vambheimselva er ikkje kartlagt, og det er ikkje gjennomført kartlegging av virvellause dyr som akvatiske insekt eller landtilknytt artar. Særprege mosesamfunn med god arealdekning må ein rekne med har spesielle samfunn av virvellause dyr. Sjølv om det har vore to undersøkingar av biologisk mangfold innan flora, legg dei som har gjort undersøkingane vekt på at kunnskapen er mangelfull fordi delar av bekkekløfta på utbyggingsstrekninga er vanskeleg tilgjengeleg, dvs. krev klatring. Vi vurderer likevel at konsekvensane av ei eventuell utbygging er relativt oversiktlege og tilstrekkeleg opplyst, om enn med nokre manglar, til at søknaden kan handsamast, jf. naturmangfaldlova § 8, men då med klar føresetnad om at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 vert lagt til grunn i den vidare behandlinga av saka.

Naturmiljø og biologisk mangfold

I utbyggingsområdet finst naturtypen bekkekløft. Rapporten om bekkekløfter i Hordaland (v/ Rådgivende Biologer, 2011 (med delrapport for Ulvik herad 2010)) gjev bekkekløfta totalsum 4, mellom nasjonal og regional verdi, med vekt på nasjonal. Her er det vegetasjonen som er undersøkt.

I rapporten som følgjer søknaden (Norsk Naturinformasjon, 2008) blir biomangfaldet sett til nivået *middels til stor verdi*. Norsk Naturinformasjon har også kome med ein rapport (2012) der dei samanstillir sin rapport frå 2008 med bekkekløft rapporten frå Rådgivende biologer, og dei skriv då ned verdien av biomangfaldet til *middels verdi* ut frå vurderinga av raudlisteartar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er ikkje utan vidare samd i at raudlisteartar (dvs. lågt tal av slike) skal vektleggjast så sterkt at verdien blir sett ned til «middels». Det går fram av bekkekløft rapporten frå 2011 (Bekkekløftprosjektet – naturfaglige registreringer i Hordaland 2009-2010, Rådgivende Biologer, 2011) at det er eit mindretal av undersøkte bekkekløfter i Hordaland som kjem ut med så store verdiar som Vambheimselva. Om lag 30% av dei undersøkte bekkekløftene i Hordaland (som jo er eit utval ut frå potensiale om biomangfaldverdiar) fekk verdi 4 eller høgare, og ca. 6% fekk verdi 5. Dette tilseier at Vambheimselva gjerne er blant dei 25% mest verdfulle bekkekløftene av dei undersøkte. Store delar av artsmangfaldet, ikkje minst soppsygg og andre insekt knytte til miljø med høg luftfuktigheit, er dårleg kjende, og ein klarer i praksis aldri å gjere noka «totalinventering» av eit område, sjølv for dei artsgruppene ein vel å undersøkje. Bekkekløfta er velutvikla, med ei gunstig retning, og ligg i noko av dei mest sommarvarme delane av Hordaland i seksjonen O1 (svakt oseanisk). Så velforma bekkekløfter i så pass kontinentale strok må reknast å vere viktige for utbreiinga av naturtypen og funksjonen som den har for artssamfunn med spesielle krav til fukt- og varmeklima. Sjølv om det no har vore fleire registreringar i området, meiner vi NNI si vurdering frå 2008, om at lokaliteten har godt potensiale for nye, interessante artsfunn, bør stå ved lag, og såleis med verdien 4, med vekt på nasjonal verdi.

I rapporten frå 2008 kjem det fram at i nedre delar vert ein rik dellauvskog vurdert til C-lokalitet, men området kan truleg oppjusterast ved framtidige undersøkingar. Den nedre elvekløfta tilfredsstiller fleire kriteria for nasjonalt verdfull naturtype, som ut frå karakter og artsrik moseflora vert sett til verdien B (stor). Den økologiske tilstanden i skogsjiktet i elvekløfta/juven er svært god, med mykje daude element (gadd og læger), noko som gjev

potensial for eit rikt biomangfald innan andre ikkje undersøkte artsgrupper som virvellause dyr. Bekkekløft rapporten frå Ulvik herad (2009, v/ Rådgivende biologer, delrapport under bekkekløftprosjektet 2011) følgjer opp med at det meste av skogen er alm-lindeskog (omsynskrevjande). Rikt hasselkratt finst mellom 100 og 140 moh. Denne vegetasjonstypen er sterkt trua. Skogen har stor variasjon i alder. Det har vore gjort noko hogst øvst i bekkekløfta, men bekkekløfta har fleire parti med høg til særst høg bonitet som er lite utnytta til granplanting. Bekkekløft rapporten (2009/2011) seier, i motsetnad til NNI sin rapport frå 2008, at det er lite daud ved i bekkekløfta, men med dei fleste nedbrytingsstadium av edellauvtre. Rapportane er samde om at Vambheimselva si geomorfologiske utforming, dvs. at bekkekløfta går mot nordaust, gjev eit godt potensial for viktig biologisk mangfald. Det går og fram at anna biologisk mangfald enn vegetasjon er dårleg undersøkt, men at det i bekkekløfta truleg er eit stort potensiale.

Rundt bekkekløfta, ikkje minst der røyrleidninga er planlagd nedgrave, er det hovudsakleg fattig blåbær-furuskog, men eit granplantefelt utgjer ein vesentleg del av den planlagde røyrгатetraseen. Breidda på området det vil bli utgravingar i under anleggsperioden vil vere 10-15 meter. Permanent anleggsveg er planlagd til bruk for skogsdrift etter byggjeperioden.

Det går såleis fram at dei verdfulle naturtypene er knytt til sjølve elvekløfta, medan traseen for røyrгата gjev få konflikhtar for naturmiljø og biologisk mangfald.

Etter Fylkesmannen sitt syn har bekkekløfta i Vambheimselva store verdiar for biologisk mangfald (rett nok med for oss litt urimeleg variasjon i verdisetting). Det er ein klar mangel at store delar av ei bekkekløft med store verdiar og med eit stort potensiale for artar er dårleg undersøkt m.o.t. vegetasjon fordi den er vanskeleg tilgjengeleg. Når dette heller ikkje er følgt opp med undersøkingar av andre artar som virvellause dyr, må ein etter vårt syn leggje vekt på føre-var prinsippet.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde

Bekkekløfta er trong og lite synleg, men det har likevel ein verdi å vite at vatnet renn naturleg gjennom ein lik lokalitet. Terrenget der røyrгата er planlagd, er godt eksponert. Vambheimselva renn (ved vegbrua) om lag 500 meter frå Ulvik sentrum, og det er viktig at elva etter ei eventuell utbygging renn naturleg her. I arbeidet med ny kommuneplan vert det diskutert om elvegranden nordaust for elva høyrer med til det som i framtida skal definerast som Ulvik sentrum. Høgdedraga på både sider av bekkekløfta er jord- og skogbruksområde. Sjølve elvekløfta er såpass utilgjengeleg at den ikkje er i bruk for friluftsliv, med unntak av litt sporadisk fiske etter den stasjonære aurebestanden. Det vert fiska mest på anadrom strekning, ei strekning på om lag 450 meter opp frå fjorden. Det er elles storviltjakt (hjort og elg) i området, og utbygging vil ikkje påverke det.

Utbygginga berører ikkje inngrepsfrie naturområde (INON) sidan det er andre store inngrep i nærleiken frå før.

Ulvik er ein av dei store turistkommunane på Vestlandet, i hjartet av Hardangerfjorden. Fjordane på Vestlandet er av National Geographic Traveller kåra til eit av dei best forvalta reisemåla i verda. Ulvik hadde i 2012 i alt 28 innmeldt anløp av cruiseskip, og cruiseskiptrafikken er i vekst. Ulvik inngår også i den kjende turistrundreisa «Hardanger i eit nøtteskall». Ulviksfjorden framstår som eit attraktivt og godt ivareteke natur- og kulturlandskap, og tiltaket ligg i området som har fått «stor verdi» i temakart for «fjordlandskap». Det er difor viktig at kvalitetane i området vert tekne vare på for turismen i området. Ei utbygging i Vambheimselva er ikkje eit positivt bidrag i så måte. Vi meiner det er ein mangel ved konsesjonssøknaden at turisme og Ulviksfjorden sin verdi ikkje er utgreidd.

Fisk og fiske

Vambheimselva er rekna som sjøaureførande opp til eit fossestryk om lag 450 m frå fjorden, men i følgje fiskeutgreiinga vandrar fisk tidvis forbi og til ei strekning på 100 m som vil verte påverka av prosjektet. Det ligg ikkje føre rapportar frå fiskefaglege granskingar eller fangststatistikk, og vassdraget er heller ikkje vurdert i kategorisystemet til Direktoratet for naturforvaltning. Den anadrome strekninga vart kartlagt hausten 2012 som del av eit stort sjøaureprosjekt i Hardanger, og rapporten frå denne granskinga er venta i mars 2013.

Ut i frå føreliggande kunnskap ser det ut til å vere produksjon av anadrom fisk i vassdraget som bidreg til den samla sjøaureproduksjonen i fjordsystemet og som gjev grunnlag eit elvefiske som har lokal verdi. Desse verdiane bør ivaretakast best mogleg ved ein eventuell kraftutbygging. Minstevassføring på minimum fempersentil og etablering av omlaupsventil vil vere relevante avbøtande tiltak. På grunn av tynt kunnskapsgrunnlag må vi ta atterhald om at den varsla rapporten frå fiskegranskinga hausten 2012 kan gi eit anna bilete av den anadrome fiskeproduksjonen i vassdraget.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand. Vambheimselva er klassifisert i god økologisk tilstand, men med låg pålitelegheit. Det er ikkje registrert data i Vannmiljø, og vi kjenner difor ikkje til om det er noko ureining i vassdraget. Dersom det vert tilført ureining (t.d. frå landbruk/busetnad) på tiltaksstrekninga, vil resipienten verte vesentleg redusert ved uttak av vatn til kraftproduksjon. Vi har dermed ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere om tiltaket er lovleg etter ureiningslova og vassforskrifta. Dersom tiltaket likevel vert gjennomført og fører til skadar eller ulemper, må saka vurderast etter ureiningslova, og tiltakshavar kan verte erstatningspliktig.

Kraftstasjonen er planlagd bygd nær busetnad (næraste bustad er om lag 60 meter unna), og det må leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova §§ 7 og 8.

Miljøvern fagleg oppsummering og tilråding.

Bekkekløfta i Vambheimselva har stor verdi som naturtype, og føre-var-prinsippet med store manglar i kunnskap saman med eit stort potensiale for biologisk mangfald gjer at vi vil rå frå at det vert gjeve konsesjon til bygging av Vambheim kraftverk. Dette er etter vårt syn overordna at det av andre grunnar som t.d. relativt uproblematisk nedgraving av røyrgate ligg til rette for å seie ja til utbygging.

Denne frårådinga er gjeve med eit visst atterhald sidan vi ikkje har hatt høve til ei synfaring i området på snøfri mark, då høyringsfristen er sett til 21. februar i år.

Det er etter vårt syn interessant at det i konsesjonssøknaden vert nemnt at ved å nytte 5 persentil sommarvassføring på 325 l/s og 5 persentil vintervassføring på 56 l/s vil reduksjon i straumproduksjon vere frå 0,8 GWh i tørre år til 0,5 GWh i våte år, i forhold til produksjonen ved lågvassføring på 78 l/s gjennom heile året. Dersom det likevel mot vår fråråding vert

geve konsesjon, bør minstevassføringa, m.a. av omsyn til det biologiske mangfaldet, setjast vesentleg høgare enn det som vert omsøkt, t.d. 5 persentil sommarvassføring på 325 l/s.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernshjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post:

Kraftkarane AS v/prosjektleder Lars Arne Eide
Fylkesmannen i Hordaland
Ulvik herad